



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Nils Moldøyen		19/78

Saksnr	Utval	Type	Dato
007/19	Kommunestyret	PS	12.02.2019

Kommunalt oppgåvefelleskap for rekneskap og løn

Vedlegg:

Rapport rekneskap og løn - forprosjekt

Saksutgreiing:

Vurdering

Rådmannen meiner at eit slikt samarbeid det no vert lagt opp til, kan vera med å styrkja den faglege utviklinga for våre medarbeidarar. Den teknologiske utviklinga går fort, ikkje minst på dette feltet, og det er viktig for oss å ha medarbeidarar som er fullt på høgde med kollegaer i andre kommunar. Trenden med stadig meir elektroniske fakturaer og stadig mindre manuelt arbeid held fram, og oppgåvefelleskapet kan føra til effektivisering og på sikt lågare kostnader. På kort sikt vil det å vera med i felleskapet sikra sikra ein beredskap om noko skulle koma på.

Det har vore viktig for oss at dette oppgåvefelleskapet ikkje skal vera eit eige rettssubjekt og dermed ingen risiko for at dei kommunale arbeidsplassane skulle forsvinna frå kommunen.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Konklusjon

Sjå over.

Forslag til vedtak:

Fedje kommune ønskjer å ta del i ei vidare utgreiing av eit oppgåvefelleskap for rekneskap og løn, med sikte på å få utarbeida ein samarbeidsavtale som vert vedteke av kommunestyra innan sommaren 2019. Oppgåvefelleskapet kan då vera fullt operativt frå 01.01.2020.

Kommunestyret - 007/19

K - behandling:

Endringsframlegg frå Ottar Tangen (Frp):

Fedje kommune ynskjer å ta del i ei vidare utgreiing av eit oppgåvefelleskap for rekneskap og løn.

Ein tek sikte på å leggja saka fram for kommunestyret til avgjerd innan sommaren 2019. Målet er å få oppgåvefelleskapet operativt frå 01.01.2020.



Fedje kommune

Endringsframlegget vart satt opp mot rådmannen sitt framlegg. Endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

K - vedtak:

Fedje kommune ynskjer å ta del i ei vidare utgreiing av eit oppgåvefelleskap for rekneskap og løn. Ein tek sikte på å leggja saka fram for kommunestyret til avgjerd innan sommaren 2019. Målet er å få oppgåvefelleskapet operativt frå 01.01.2020.

Samrøystes vedteke.